

Bygdenamnet *Julabygda*

Bygdenamnet *Julabygda*, lokalt uttala *Julabygdå*, omfattar 10 matrikkelgardar i den sørvestre delen av Sandnes kommune (tidlegare Høyland herad) i Sør-Rogaland: Folkvor, Assheim, Todnheim, Raugstad, Lea, Malmheim, Heigre, Jutland, Killingland og Årsvoll. Ein finn dette namnet i skriftlege dokument frå ca. 1900, t.d. i eit skriv frå Høyland sparebank frå 1907, der det er nemnt *Julebygdens Landbruksforening*. Det er uvisst kor gammalt dette bygdenamnet er, men truleg er det tale om eit relativt ungt namn.

Etterleddet i namnet *Julabygda* er ordet *bygd* f. i den vanlege tydinga ‘bygd, bygdelag’. I tidlegare Høyland herad finst det også eit anna bygdenamn med dette etterleddet, nemleg *Fjellbygda*, også omtala som *Høyland fjellbygd* (nemnt av Boye Strøm 1888 s. 246 ff.: *fjeldbygd, fjeldbygden*), som omfattar den indre delen av heradet.

Kva som er språkleg og real bakgrunn for føreleddet i namnet *Julabygda*, er det ulike meiningar om. På folkemunne blir nammeleddet *Jula-* gjerne sett i samband med høgtida *jul*, t.d. brukt bileteleg om ei grøderik bygd med så mykje velstand at ein kunne feira jul heile året. Ein tenkjer seg gjerne jamføring med namnet og området *Fjellbygda*, altså med den austre, meir tungdrivne – og i areal mykje større – delen av tidlegare Høyland herad. Ein variant av denne forklaringa er at folk i *Julabygda* var så velståande at dei kunne brenna lys slik dei gjorde ved juletider, heile året. Det har også vore føreslått at folk her hadde så god råd at dei kunne starta julefeiringa tidlegare enn andre folk, med mange lys og mykje stas, og at dei kunne halda på lenger med feiringa. Ingen av desse forklaringane er rimelege. Namnet har knapt samband med ordet *jul* f. – men dette ordet er kjent frå nokre andre stadnamn, t.d. *Julågeren* på Mjåland i Gjesdal, ein åker der ein brygde øl til jul av kornet, og *Julerøsa*, brukt om ein bratt stad rett opp frå husa på garden Guddal i Sirdal der det har gått jord-, stein- og snøras ved juletider.

Ei forklaring som bør vurderast, er om føreleddet kan ha samband med plantenemnet *jol* (*jul*) eller *geitjol* (*geitjul*), brukt om ‘sløkje’ (*Angelica silvestris*), ein plante som tidlegare vart nytta i medisinen (Særheim 2007 s. 117 f.). Ein plante som er i slekt, er *kvann* eller *kvannjol* (*Angelica archangelica*). Heller ikkje dette tolkingsframlegget synest stå særleg sterkt, for det er ikkje kjent at denne planten har vore mykje utbreidd eller utnytta og slik sett vore særmerkt for dette området. Det er heller ikkje kjent at ordforma *jul* har vorte brukt om vedkomande planteslag i sandnesdialekten (NO 5 sp. 1487).

I folkelege forklaringar er det elles framlegg om samansetjing med ordet *hjul* n., t.d. med bakgrunn i at bygda var forma som eit hjul med Malmheim i sentrum, eller i at folk her tidleg laga seg kjerrar med hjul under. Heller ikkje desse forklaringane er rimelege.

Ordet *hjul* n. synest likevel ikkje vera utelukka som føreledd i dette namnet. Som real bakgrunn for ordet *hjul* som føreledd i *Julabygda* bør ein vurderer mogleg samband med *vasshjul*. I bidraget sitt om namnet *Jultorp* i Larv i denne årgangen av NoB har Svante Strandberg på overtydande måte argumentert for at føreleddet i dette og fleire andre svenske stadnamn er ordet *hjul* n. som siktar til «(vatten)kvarn». Natan Lindqvist (1926 s. 129 ff.) har presentert og undersøkt ei rekkje svenske stadnamn på *Hjul-*, *Hjule-*, *Jul-*, *Jule-*, *Jula-* mfl. som synest kunna setjast i samband med ordet *hjul* n. med bakgrunn i vasskvarnar. I DSÅ 3 s. 96 ff. nemner elles Kousgård Sørensen mange danske bekenamn som inneheldt ordet *hjul* n. «sigtende til møllehjul, altså en

bæk, der driver en vandmølle»: *Hjulbæk, Hjulebæk, Julebæk* mfl. Han reknar med tilsvarende bakgrunn for føreleddet i innsjønamna *Hjulsø* og *Julso*.

Språkleg er det råd å tolka føreleddet i namnet *Julabygda* som ordet *hjul* n. i samansetjingsforma **Hjula-*. Også realt synest det høva godt å setja dette namnet i samband med vasshjul. Det er kjent at det tidlegare fannst mange vasshjul i Julabygda, og dette kan seiast å ha vore eit særdrag for bygda. Det skal vera kjent nærare 20 vasshjul frå dette området (Todnem 2021 s. 61 ff.). Vasshjul var også mykje nytta i den indre delen av heradet, jf. Aareskjold (2021 s. 67 ff.). Arne Njø (2003 s. 51) peikar på at terrenget i Julabygda er låglendt og flatt, og at vatnet strøymer seint i vassdraga; difor er det såkalla overfallshjulet den typen vasshjul som har blitt mest brukt her. Han peikar på at vasshjul i små vassdrag i dette området kunne brukast til drift av treskjeverk, kvernar, hakkemaskinar og andre maskinar. For at vasshjulet skulle få tilstrekkeleg fart vart det samla vatn i dammar, kalla *stem* m.; ein bygde altså demningar for å samla vatnet i basseng til seinare bruk. Slike stemmar fekk namn, t.d. *Heigrestemmen*, *Raugstadstemmen* og *Bedehusstemmen*. På ein naturleg stad nedanfor stemmen vart det plassert eitt eller fleire vasshjul som produserte kraft (Todnem 2021 s. 61).



Fig. 1. Hjulhus med vasshjul ved ein bekk på garden Nordland i Sandnes kommune. Bak huset finn ein veita der vatnet vart ført til hjulet. Foto: Ingrunn Vassbø Særheim.

I vestre delen av Julabygda, på gardane Heigre, Jutland, Killingland og Årsvoll, ligg det eit stort nedslagsfelt i skråninga ned mot Heigrevatnet (også kalla Skasvatnet), som no er tappa ut. På nokre stader samla vatnet seg i bekker der ein kunne plassera vasshjul. I det søre vassdraget på Heigre var det t.d. fire vasshjul, medan det på nordre

Heigre var to bruk som kunne nytta vasskraft (Njå 2003 s. 51). Etter at det kom elektrisk straum til Julabygda i 1918–1919, tok elektromotoren over arbeidet etter vasshjul og treskjemotoren. Med det var ein fleire hundre år lang epoke for vasshjulet over.

Også i nokre andre norske stadnamn med føreledd som *Jul-*, *Jule-* o.l. bør det vurderast om føreleddet kan sikta til vasshjul og hjulhus. Ofte blir slike føreledd (i område med tjukk *l* av gno. *rð*) sette i samband med eit personnamn, t.d. *Jul* (eldre *Gjurd*), jf. tolkinga av busetnadsnamn som *Julehuset* frå Råde og Glemmen og *Julehytta* frå Varteig (BØ 14 s. 272). Det kan her nemnast at NO (5 sp. 503) fører opp ordet *hjulhus* med tydingar som «hus over vasshjul (til kvern, sag, treskjeverk)» og «kasse over skovlhjul», jf. elles fig. 1 og Aareskjolds omtale av hjulhus med vasshjul frå garden Nordland i Sandnes (Aareskjold 2021 s. 69). Lindqvist (1926 s. 132) har med namn som *Hjulhus* og *Hjulhuset* i oversynet sitt over svenske namn med ordet *hjul*.

Samansetjing med eit personnamn *Jul* e.l. i eit bygdenamn som *Julabygda* synest ikkje rimeleg, korkje samansetjing med eit førenamn eller med eit etternamn. Mannsnamnet *Jul* av eldre *Gjurd* er ikkje aktuelt i og med at dette målområdet ikkje har tjukk *l* – gno. *rð* er her utvikla til /r/. Heller ikkje samband med høgtida *jul* eller med eit plantenemne *jol/jul* er overtydande. Det rimelegaste alternativet synest vera å tolka føreleddet som ordet *hjul* i tydinga ‘vasshjul’, med bakgrunn i at det tidlegare var svært mange vasshjul til å produsera kraft i dette bygdelaget (jf. Todnem 1921), noko som må kunna seiast å ha vore særmerkt for området. Ei slik tolking av namneleddet *Jul(a)*-har elles gode parallellar i skandinavisk namnetilfang. Dersom denne tolkinga av bygdenamnet er rett, kan skrivemåten *Julebygden* frå 1907 tyda på at opphavet til namnet då ikkje lenger var kjent.

Finst det parallellar til at eit bygdenamn som inneheld ordet *bygd* har eit føreledd som har samband med tidlegare arbeidsliv og næringsverksemd? Det finst ikkje mange bygde- og områdenamn med dette ordet som etterledd i Rogaland. Nokre av dei har eit gammalt, i somme høve tapt, gardsnamn som føreledd, t.d. *Hellandsbygd* (Sauda), samansett med eit gardsnamn **Helland*, *Bjørheimsbygda* (Strand), samansett med gardsnamnet *Bjørheim*, og *Blikrabygda* (Vindafjord, tidlegare Vats), samansett med gardsnamnet *Blikra*. I det nemnde *Fjellbygda* (*Høyland fjellbygda*) frå Sandnes siktar føreleddet til topografien. I bygdenamnet *Kolabygda* (*Kollebøgd* 1723, NG 10 s. 220), som omfattar ca. 7 matrikkelgardar i tidlegare Forsand herad (no Strand kommune), finn ein ordet *kol* n. ‘(tre)kol’, som siktar til kolbrenning i området. Også dette bygdenamnet har med andre ord bakgrunn i tidlegare næringsverksemd og arbeidsliv. Det kan nemnast at nokre lokalamn frå Kolabygda også siktar til kolbrenning, t.d. *Kola-holet* på garden Nordland, jf. elles namnet *Kolagropa*, som ein finn på gardane Assheim og Breivik i nabokommunen Hjelmeland.

Litteratur

- Lindqvist, Natan, 1926: Bjärka-Säby ortnamn 1. Stockholm.
 Njå, Arne, [2003]: Vasskraft. I: Julebygda [1]. Red. av Einar Brunes & al. S. 51–53.
 Strandberg, Svante, 2023: *Jultorp* i Larv. I: NoB 111. S. 171–172.
 Strøm, Boye, 1888: Norges Land og Folk 11. Stavanger Amt. Kristiania.
 Særheim, Inge, 2007: Stadnamn i Rogaland. Bergen.

- Todnem, Magne, 2021: Vann og vannfall i Julebygda – til nytte, besvær og lek. I: Sandnes historielag. Årbok 24. S. 57–66.
- Aareskjold, Gunnleiv, 2021: Vassdrag frå Svihus til Sviland – og litt til. I: Sandnes historielag. Årbok 24. S. 67–88.

Inge Særheim